

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Vingardssøndagen /14. søndag i treeiningstida – 15.september 2019**

Preiketekst: Matt 19,27-30

Lesetekst I: Jer 9,23-24

Lesetekst II: Fil 3,7-14

## NÅDE OG TENESTE

### Til dagen:

I 2010 vart Vingardssøndagen flytta frå openberringstida til treeiningstida. Eit av argumenta var at openberringstida ofte er så kort at det kunne bli somme år utan «vanlege» søndagar i denne kyrkjeårstida. Hausten kan vere ei god tid for denne dagen og dette temaet.

### Til teksten:

«Kva med oss?... Kva skal vi få?» (v.27). Det var Peter sitt spørsmål etter møtet med den rike unge mannen og Jesus. Læresveinane er nok ganske forstøkte over Jesus sin påstand om at «det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålaug enn for ein rik å komme inn i Guds rike» ( v. 24). «Kven kan då bli frelst» undrar dei. Samstundes veit dei at det Jesus kravde av den rike unge mannen, det hadde dei jo sjølve gjort: Dei hadde forlete alt og følgd etter han! Difor kjem spørsmålet: «Kva skal vi få?»

Er det eit erstatningskrav Peter kjem med? Den gongen han forlet alt, hadde han sikkert ikkje noko tanke på løn. Då var det berre så stort å få følgje Jesus. Sikkert forlet han mykje trygt som fiskar: båt, reiskap og heim. Angra han og dei andre? Ustadig, som i alle høve Peter var, kom nok tvilen. Dei dramatiske hendingane seinare skulle gjerne vise at han ikkje heilt hadde lagt sitt eige bak - djupt menneskeleg som han var!

I v.28 gjev så Jesus dei ein lovnad utan krav! Ja, dei har verkeleg funne den dyrebare perla, den gode skatten! Dei kjem til å få sjå det «når alt skal fødst på nytt» Det greske substantivet *palingenesia* er brukt om det (jfr. Bibel 2011). Litt spesielt er det at elles i NT er det berre brukt ein gong, i Tit 3,5 om den nye fødsel i dåpen! Her gjev Jesus læresveinane ei slags kongeleg stilling i det nye gudsriket, ved skapina av ein ny himmel og ei ny jord. Dei vert herskarar over «Israels tolv stammar», altså over heile Israel, både det gamle og det nye! Her seier altså Jesus at det er eit slags hierarki i det kommande gudsriket, for at alt skal bli fullkomen glede og harmoni.

Dette er ulikt slik det er på jorda, og i Guds rike kan dei første bli dei siste og omvendt. (v.30) Ei overveldane løn vert dette, saman med alle Jesu etterfølgjarar. Jesus trøystar dei som har forlete noko eller nokon for hans skuld (v.29). Den store løna er altså det evige livet sin arv. I teksten som følgjer etter vår, om arbeidarane i vingarden, ser vi at løna her i tida ikkje vert bestemt etter kor lenge ein har arbeidd; det viktigaste for alle er å få teke imot Jesu gåve, om ein kom tidleg eller seint inn i arbeidet.

### Nåde og teneste

For sportsinteresserte nordmenn, og enno fleire, står vel OL på Lillehammer i 1994 i eit eige lys: 14

dagar med knallblå himmel, medaljedryss og godord frå ei heil verd. «Det er typisk norsk å vere god», sa landsmoder Gro. Også opningssermonien tok mest pusten frå oss, med å vise fram norsk natur, folkeliv og historie. Heilt på slutten av den sermonien tona det ut eit flott arrangement av organisten og komponisten Iver Kleive. Kanskje ikkje alle fekk med at «nåde» var tittelen: skrive ut frå den religiøse folketonen (frå Oppdal) til salmen (nr. 279 i salmeboka) «Overmåte fullt av nåde» (Brorson). Denne salmen prisar Gud skaparen for alt han har gjeve: himmel, jord og hav. Den prisar også Gud som gav oss himmelriket gjennom Sonen, Jesus. Salmen er ei oppfordring til ikkje å gløyme at alt er nåde: *Frelst av nåde, fri fra våde, priser vi vår Gud for alt. Vi fikk livet, fikk det givet - hva fikk han som har betalt?*

Gamle ord, men med eit alltid aktuelt innhald!

## **Krav / gåve**

I Guds rike er ikkje kravet, men gåva det første. Den som ser det, oppdagar ein stor skatt: trua og alt ein har fått der! Ja, vi kan jo seie dåpen og trua. «Vi elsker fordi han elska oss først» (1 Joh 4). Idrett med medaljar og pokalar er gjevt her i denne verda, og vi kan tale vel om det. Guds rike er eit bakvendtland, syner Jesu ord. Her kjem gåva først. Nokon fortel då også om ei omrekning av sitt eige verdisyn når ein ser det. Eg hugsar den mangeårige norgesmeisteren, med eit hav av medaljer og pokalar, og også OL-deltaking. På eit tidspunkt i livet vart den kristne bodskapen så sterk, eit møte med Jesu nåde så altomfattande, at han sa: «Dette eg no har opplevd, overgår langt alt eg opplevde på idrettsbana!»

## **Kostnad**

Så kan trua koste. Jesus nemner ei rekkje grunnleggande gode og forpliktingar i livet som må vike når menneske vel å seie ja til trua sitt kall.

I Israelsmisjonen kjenner vi ikkje minst mange døme på at Jesus-truande jødar må betale dyrt på det mellom-menneskelege plan for å vedkjenne trua mellom sine eigne. Dei som har hatt ei muslimsk tru og følgjer Jesus, opplever dette meir som ein regel. Ja, denne sommaren har eg snakka mykje med ein ung flyktning som har fortalt ei sterk historie om akkurat det!

## **Forpliktingar**

Like fullt bør det nemnast at trua ikkje fråtek oss forpliktingar i familien vår.

I dei seinare åra har dette med rette komme meir i fokus. Kallet til tru og teneste er ikkje gjeve oss for at me skal ta lettare på dei forpliktingar som ligg på alle menneske. Når Jesus talar om å få mangedobbelt att, så handlar det nok først og fremst om det evige livet, men samstundes ikkje berre det. I Guds rike vert vi del i eit nytt fellesskap, ein ny familie. Som kristne tilhører vi kvarandre, over alt på jorda, og vi er sett til å bere bøkene for kvarandre. Det er noko som skjer her i tida, men det har og konsekvensar for æva. Nåden er grunnen for vår teneste her, og takken og æra skal Gud ha i all æve!

## **Audun Systad**

Sokneprest i Hyllestad. Tidlegare tilsett og no frivillig medarbeidar.

[audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no)